

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 23.01.2008
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 22.11.07 - 21.01.08**

Styresak 003/08 O

Styremøte 06.02. 2008

Administrerende direktør si orientering pkt 5

I ei pressemelding frå Helse- og omsorgsdepartementet er det gitt ein oversikt over endringar og nye reglar som gjelder frå 1. januar 2008 for Helse- og omsorgsdepartementet sitt område. Utskrift av pressemelding er lagt ved.

Oversikt over andre aktuelle nye lovar og lovendingar i perioden 22.11.07 – 21.01.08

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Lov om offentlege anskaffelser	21.12.07	Lova er gitt ei ny § 11a om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Etter føresegna kan Kongen ved forskrift pålegge offentligrettslige organ å ta inn klausuler i teneste- og bygg- og anleggskontraktar som skal sikre lønns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale eller det som elles er normalt for vedkommande sted og yrke. Lova tok til å gjelde frå kunngjeringa.
Endringar i lov om pasientrettar og spesialisthelse-tenestelova	21.12.07	Endringane gjeld ventetidsgaranti for born og unge under 23 år med psykiske lidningar eller som er avhengige av rusmiddel og justeringar etter rusreformen. Helse- og omsorgsdepartementet har i brev til dei regionale helseføretaka av 21.12.07 gitt ein kort oppsummering av dei viktigaste endringane. Brevet er lagt under Skriv og meldingar. Helse Vest RHF har oversendt brevet frå departementet til helseføretaka.

Oversikt over andre aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringer i perioden 22.11.07 – 21.01.08

Forskrift	Dato for kunngjøring	Kva forskrifta/endringa gjeld
Reseptformidlar-forskrifta	28.12.07	Ny forskrift som regulerar ein nasjonal database for elektroniske reseptar. Forskrifta gir reglar for innsamling, behandling og utlevering av helseopplysingar i registeret. Forskrifta trer i kraft 1. april 2008.

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 22.11.07 – 21.01.08

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøtet i Helse Vest RHF 3. desember 2008	03.12.07	Protokoll frå føretaksmøte ligg under Skriv og meldingar.
Risikovurdering, kompetanse og rutinar for mattilbod til pasientar	07.12.07	Med bakgrunn i sjukdomsutbrot forårsaka av Listeria-bakterien ved Rikshospitalet er det behov for å gjennomgå rutinar for matsservering ved helseinstitusjonar/sjukehus med omsyn til matsortiment, handtering og servering av mat I brevet blir Helse Vest RHF bedt om umiddelbart å ta initiativ ovanfor underliggjande helseføretak og institusjonar ein har avtale med og sørgje for at det blir gjort ein gjennomgang av rutineane for matsservering av pasientar. Saka vidareformidla til helseføretaka den 10.12.07.
Føretaksmøtet i Helse Vest RHF 18. desember 2008	18.12.07	Protokoll frå føretaksmøte ligg under Skriv og meldingar
Oppdragsdokument 2008	21.01.08	Helse- og omsorgsministerens har sendt ut oppdragsdokumenta til dei regionale helseføretaka for 2008. Sjå styresak 005/08 O.

Vedlegg: Oversikt over endringar og nye reglar som gjelder frå 1. januar 2008 for Helse- og omsorgsdepartementet sitt område.